

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 26. januar 2022 Kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Signe

Til stades: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara), Dag Kjetil Lægreid (2.vara)

Andre deltakarar: Grete L. Grimsbø og Arne Drønen frå kyrkjelivsutvalet

Forfall: Nils Dale Elde, Ingeborg I. H. Ørjasæter

SAKLISTE

2022/01- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med tillegg av to drøftingssaker:
- Innspel om arbeid for borna i Stord Kyrkje
- Bruk av prosjektorane i kyrkja
Samrøystes

2021/02- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent.
Samrøystes

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

2022/3 - 012 Soknerådsarbeidet i 2022

Gjennomgang av årshjul og diskusjon rundt prioriteringar og ønsker for arbeidet i 2022.

Denne saka inngjekk i drøftinga av fleire av dei andre sakene.

2022/4- 360 Kyrkjelydsarbeid og kyrkjelivsutvalet

Soknerådet inviterer kyrkjelivsutvalet til møtet og legg opp til ein samtale rundt planar, ønskjer og utfordringar innanfor arbeidsområdet.

Vedtak:

Følgjande tema vart drøfta:

Mindre planlegging så lenge samfunnet er så nedstengt av pandemi.

Ta opp att laurdagsgraut og søndagskaffi når samfunnet opnar igjen.

Plan om nye temakvelder.

Ønske om fleire musikkrefter.

Frivillig-oversikt. Frivilligutvalet arbeider med dette og utvala har fått oppdrag med å kartleggja frivillige og behov innanfor sine felt.

Ønske om ny reSTART når samfunnet opnar igjen.

Halde «Use Your Talents»-tanken høgt fortsatt.

2022/5- 360 Forespørsel vedr FØRST-kurs i regi av Den Norske Israelsmisjon

Henry Nygård i Den Norske Israelsmisjon har kontaktet Stord sokneråd med spørsmål om å samarbeide om å arrangere FØRST-kurs i Kyrkjestova Fredheim 17.september 2022.

Tiltaket vil være selvfinsierende gjennom kollekt, men det forventes at vi stiller lokale til disposisjon (uten kostnad). Se brev og informasjon om FØRST-kurs konseptet vedlagt.

Vedtak:

Soknerådet er positive til å vera medarrangør i dette arrangementet.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Kyrkjelivsutvalet følgjer opp saka overfor DNI.
Samrøystes

2022/6- 360 Forespørsel om å arrangere konsert med LYKTE

John-Inge Rolfsnes har kontaktet Stord sokneråd med spørsmål om å være arrangør for releasekonsert ifm EP-utgivelsen til LYKTE. De ønsker å ha konsert i Stord Kyrkje helga 4.-6.mars med 6-manns orkester i tillegg til John-Inge og Gunhild Rolfsnes. De spør soknerådet om å ta hele arrangørrollen. Det foreslås billettsalg med 50/50-delning av evt. overskudd. Se brev og informasjon vedlagt.

Tilleggsinformasjon gitt i møtet: Dialog med J.I. Rolfsnes før møtet har gitt ytterligere info rundt forventninger til arrangørrollen. Det vil primært være å stille med lokale, gjennomføre arrangementet ift billettsalg, smittevern etc og å ta eit økonomisk ansvar.

Vedtak:

Soknerådet er positive til å vera medarrangør på denne konserten.

Egil følgjer opp dialog med arrangørane vedr. dato og muligheten for frivillige.

AU tek endeleg stilling til saka etter at dato og aktuelle frivillige er avklart.

Soknerådet er villig til å dekke 50% av eit evt. underskot, inntil kr 5000 som vår andel og tek tilsvarende 50% av overskot, inntil kr 5000 som vår andel.

Samrøystes

Sigrun Ljosland tok opp sin habilitet og vart kjend inhabil under handsaminga av saka.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest
Mykje har blitt avlyst og utsett pga corona. Svært positivt at svært mange ville vera med på kyrkjelydsleir. Oppstart igjen i mykje no.
Sjukmeldingar i staben.
Svært mange gravferder etter nyttår. Fleire av desse involverte også kriseteam.
2. Kyrkja si rolle ved kriser og beredskapsarbeid – ferske erfaringar
Bør kyrkja/prest vera ein del av kriseteamet? Det er sendt eit erfaringsnotat frå denne aktuelle saka frå sokneprest til kriseteamet.
3. Innspel frå utvala
Trusopplæringsutvalet:
Oppstart av fleire aktivitetar, med restriksjonar som krev fleire leiarar/stab.
Nokre aktivitetar ute foreløpig.
Rekruttering av fleire frivillige medarbeidarar blir viktig framover.

Diakoniutvalet:

Besøksvenn: Fleire ønskjer besøk.

Språkkafe aktuelt.

Open kyrkje planlagt i fastetida og etter påske.

Gudstenesteutvalet:

Samling for frivillige utsett, men kjem tilbake.

Tematisert korleis me kan få fleire unge inn i kyrkjebenkene. Plan om kveldsgudsteneste 1. oktober.

Kyrkjebladet Spira:

Godt arbeid i komiteen. Økonomien i betring, men trong for fleire sponsorar.

Neste nummer har tema «Lyset»

Kyrkjelivsutvalet: Sjå eiga sak over.

4. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.
Fleire sjukmeldingar i staben.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Utgifter til straum var ca 100 000 høgare i 2021 enn 2020. Dialog med kommunen om støtte til dette, gjennom nasjonale ordningar.

5. Kyrkjelydsleir utsett til 4.-6.nov 2022. Tid for å bestille for 2023?

6. Innspel om arbeid for borna i Stord Kyrkje

Soknerådet har fått innspel frå kyrkjelydsmedlemmer ift eit ønskje om meir arbeid for borna i kyrkja, gjerne knytt til familiegudstenestene. Det er og (andre) tankar om å få i gong eit bornekor / familiekor. Alle må vera på jakt etter aktuelle (musikk-) krefter. Kan vere aktuelt å løne dirigent ein periode for å kome i gong.

7. Bruk av prosjektørane i kyrkja. Saka utsett.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat, Diakoniutvalet 9.des

2. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 13.jan

3. Referat, TOL-utval, 18.jan

4. Referat, Gudstenesteutval, 10.jan

Anders Dahl
soknerådsleiar
Sign

Dag Sele
referent
sign